

Ordføraren sitt hjørna - mai 2019



Fristen for å levere inn listeforslag til kommunevalet i september var 1. april. 8 parti har levert liste, og det skal veljast 17 representantar til kommunestyret. Det er svært få kommunar på Hemsedal sin storleik som kan skilte med eit slikt listemangfald, og dermed så stor del av befolkninga som er villig til å stille til val. Dette tyder på at demokratiet og det politisk engasjement i bygda så absolutt er levande. Det ser ut som det blir eit svært spennande val til hausten med stort listemangfald og mange ordførarkandidatar. Det har vore mykje spennande å ta stilling til i kommunestyresalen denne perioden, og slik vil det nok bli framover også. Hemsedal er ein kommune som vil mykje, og som også evnar å få til mykje m.a. fordi me har eit aktivt næringsliv. Det blæs ein positiv vind i bygda vår.

Elevane ved Hemsedal barne- og ungdomsskule streika ein dag før påske for å markere at det blir gjort for lite for klima og miljø, både her i Hemsedal og i verda elles. Eg synes det var ein nyttig dag på mange måtar. Etter krigen har det vore ein eventyrleg vekst i Norge og dei fleste land rundt oss. Me har ein velstand som tidlegare generasjonar berre kunne drøyme om. Samstundes forbrukar me meir av såkalla «ikkje fornybare ressursar» enn tidlegare tider hadde forbrukt fram til 1960. Dei siste 60 år er det altså forbrukt like mykje som frå starten av tidsrekninga og til 1960. På same måte har klimautslepp og forureining akselerert i same tidsbolken. Dette ynskjer våre unge å gjera noko med. Det er ikkje alle gode idear som kan gjennomførast frå dag ein, men det gjeld å ha planer og ta steg for steg for det me kan gjera noko med. Mange vil sikkert tenke: «vesle meg» kan ikkje gjera noko fordi det blir så lite i den store samanhengen. Summen av mange «vesle meg» blir mykje, og så må land og næringsliv vera villige til å ta dei større grepa samstundes. Dette er eit krav frå våre unge, og me bør derfor gjera det som er mogleg kvar av oss.

Hemsedal kommune har dei siste åra gjort ein del tiltak for å spara energi (straum) i kommunale bygg. Det er gjort ein del bygningsmessige tiltak som skifte av vindauge og betre isolering, det er skifta ut gamle radiatorar og belysning, det er bora grunnvassbrønner for å utnytte jordvarme. Det syner no at straumforbruket er redusert med 20% på 2 år. Kommunen har eit klimaråd som møtes ein gong i månaden. Den store CO2 syndaren for vår del er RV 52. Det er stor gjennomgangstrafikk, og det er stor turiststraum inn i bygda som stort sett kjem med bilar. Gjennomgangstrafikken kan me gjera lite med, og reiselivet vil me ha. Kva grep kan me gjera for å få eit meir klimavennleg reiseliv? Då er eg attende til at me må starte med noko. Større del av bilane på norske vegar er etter kvart El-bilar. Det trur eg er positivt. I Hemsedal har det gått skibuss i mange år. Det reduserer bruken av privatbilar og interntrafikk ganske mykje. Gjennom reguleringsplanar og kompakt utbygging er nok også interntrafikken redusert. Det er mindre kø mellom skiheisen og sentrum no enn for 20 år sidan.

Det er gjort mange forsøk på å få betre busstilbod mellom Gol stasjon og Hemsedal, men her er det langt att før me har eit fullgodt tilbod. Frå neste år kan den som vil til Hemsedal bestille tog + buss heilt fram til visse overnattingsstader i ein og same billett. Det er eit positiv tiltak som gjer at fleire kanskje vel å reise kollektivt. Fleire ladepunkt for El-bilar rundt i kommunen står på tiltakslista, det same gjer utskifting av ein del kommunale leasingbilar frå diesel til El. Elles har klimarådet vedtatt at me må legge til rette for og stimulere til at fleire kan gå elles sykle til jobb. Dette er nokre enkle tiltak som er gjort eller på gang. I alle våre planer framover vil klima og miljøtiltak vera viktige faktorar som blir tatt inn. Som eksempel på det vil eg nemne konkrete vedtak knytt til utbygging av ny skule og innafør helse.

Ingen er for liten og ingen er for stor til å gjera noko!
Alle gåturar er summen av eit og eit steg!

Ha ein god vår, og triveleg 17. mai!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører